



Harald Dag Jølle, forfatter og historikar ved Norsk Polarinstitutt, skriv om turar, utstyr og turbøker for Dag og Tid.

# FRILUFTSLIV

## Himmelfredsplassen

### TUREN

Lyngen ein dag i mars. Him-melen er blå. Sånn nord-norsk vinterblå. Eg står med skituppene ut mot dalen. Eller over dalen, kjennest det nesten som, så bratt er det. Føret er perfekt. Tørr, lett puddersnø. Slik du ser på skifilmar frå Alpane eller frå fjella i Nord-Amerika. Hjartet slår fortare enn normalt. Det er fordi eg gler meg, trur eg, ikkje fordi eg er nervøs. Sjølv om ein aldri kan vere heilt sikker. Men rasfaren er til å leve med, konkluderte me fleire gonger på veg opp.

Me har vore på toppen av Store Lakselvtind, eitt av dei mange landemerka på denne fjellgjetne halvøya i Troms. Isøks og tau er pakka ned i sekken, og me står på Den himmelske freds plass. Ja, han blir kalla så, denne breen på nesten 1400 meter over Sørfjorden, her han ligg omkransa av dei stolte Lakselvtindane. Det talande namnet fekk plassen av dei nyfrelste Nord-Noreg-entusiastane som kom hit med Universitetet i Tromsø i byrjinga av 1970-åra. Klatrarar som søkte opp i fjella som lokalbefolkninga hadde frykta. Radikale karar med raude anorakkar og stegjern på støvlane, som fann vintereventyret sitt i dette alpelandskapet. Dei danna klatreklubben *Bratt front* og henta stadnamn frå Kina.

I dag er mykje annleis. Anorakkane er sjeldan raude. Og det er langt mellom dei klas-siske alpine taulaga som oppsø-



«Den himmelske freds plass», kalla klatrarane i 1970-åra denne breen mest 1400 over Sørfjorden i Lyngen. Foto: Stein Tronstad

ker bratte egger, vanskelege traversar og siktar mot nye ruter i fjellet. No er det skilauparane, med breie slålåmski og fargerike dressar, som dominerer i Lyngen.

Sånne som oss. Me tre som står med tuppene ut over kanten, med litt høg puls.

Så hiv eg meg utfor. Kjensla av tørr snø som nærast gravlegg deg

i kvar sving. Snø som er så lett, men som det er så mykje av at eg kan sleppe meg utfor den bratte renna utan å misse kontrollen. Nokre augneblinkar er større enn

andre. Slik er det berre. Til all lukke er det framleis 1300 høgdemeter att til eg er nede.

HARALD DAG JØLLE

### SITATET

«I den øde sæterstue  
al min rige fangst jeg sanker;  
der er krak og der er grue,  
friluftsliv for mine tanker.»



Henrik Ibsen,  
i *På Vidderne* frå 1863.  
Dette er fyrste gong ordet  
*friluftsliv* er funne  
brukt i ein tekst.

## Eivind Astrup (1871–1895)

### BIOGRAFIEN

I 1891 sat ein rastlaus nordmann i Philadelphia og fann ut at han skulle gjere noko nytt med livet sitt. Han vurderte å reise til Afrika, men fekk så sjå at Robert Peary annonserte etter folk til ein polarekspedisjon. Med ei norsk-engelsk ordbok i den eine frakkelomma og ei engelsk-norsk i den andre møtte Astrup opp hjå Peary for å fremje kandidaturet sitt.

Skilauparen Astrup og hundekøyraren Peary vart eit godt par. Dei gjekk ein oppsiktsvekkjande tur til nordkysten av Grønland. Turen, som var over 2000 kilometer, demonstrerte kor langt og raskt det var mogeleg å fare i polartraktene, om utstyret og teknikken var rett.

Astrup vart ein stor helt i Noreg. Han vart riddar av St.

Olavs orden. Og i 1895 skreiv han ei kritikarrost bok, *Nordpolens naboer*, om opplevingane sine og om dei mange møta med inuittane.

I 1893–94 reiste han tilbake til Grønland med Peary, men på denne ekspedisjonen var han ikkje mykje tess. Sjølv forklarte han sjukdomen med forgifting frå pemmikan, men frå andre kjelder har det vore spekulert i om han hadde fått syfilis det fyrste året han var på Grønland.

Korleis alt var, på ein romjuls-skitur over Dovre i 1895 enda han sitt eige liv med ein revolver.



Eivind Astrup fotografert i 1893.  
Foto: Nyblin / Nasjonalbiblioteket

## Airbag på ryggen

### NYTT UTSTYR

Me høyrer det ofte på nyhende-sendingane. Når nokon er tekne av eit skred, og ekspertane uttalar seg. I tillegg til å vere var-sam og ha kunnskap, seier dei, er det viktig at me har naudsynt tryggleiksutstyr. Elektronisk sendar og mottakar, spade og søkje-stong har lenge vore ein del av grunnutrustinga for ein skikøyrar i bratte heng, men no er det fleire og fleire som òg kjem med ein såkalla skredsekk på tur. Prinsippet er nærast som for airbagen i bilen. Når skredet går, skal du dra i ei snor og så kjem det ein ballong opp rundt øyro dine. Den skal syte for at du ikkje blir gravlagd av skredet, men flyt oppå. Og skulle du likevel hamne under snømassane, gir luftsekken deg eit pusterom rundt hovudet.

Sjøl om statistikken som produsentane opererer med, har vore kritiserte i det siste, har du tvillaust større sjanse for å kome levande ut av eit skred med ein slik sekk på ryggen. Like fullt, synest eg, er det naudsynt å åtvare om at det ikkje må bli ein innbilt tryggleik. Tek du større sjansar fordi du har brukt pengar på ein skredballong, er

han ein farleg ven.

Det finst fleire merke og modellar, og det ryktast at frå neste år vil nærast alle store ryggsekkprodusentar lage slike. Sjøl har eg ein SnowPulse 45 liter. Heldigvis har eg aldri hatt bruk for å trekkje i snora, men sekken er solid og forseggjord og fungerer svært godt som ein dagstur-sekk. Naturleg nok er han tyngre enn vanlege ryggsekker. Berre nitrogenflaska som skal blåse opp ballongen veg ein halv kilo.



Ein skredsekk etter du har drege i snora. SnowPulse, Tour 45 Lifebag kostar 8400 kroner og veg 3,3 kilo.



## Bergans meis

### GAMALT UTSTYR

I 1909 tok sykkelfabrikant Ole Bergan patent på eit beresystem til ein ryggsekk som skulle bli eit omgrep og setje ny standard for korleis ein skulle bere med seg tunge bærer. Det nye med Bergans patent var metallrør i ryggen som sikra at sekken heldt forma og fordelte vekten på ein betre måte enn på tradisjonelle rammelause sekker. Samstundes hadde konstruksjonen eit magebelte som heldt sekken stødig mot ryggen.

Bergans selde patentet vidare til Sverre Young i 1911 for 1500 kroner – som heldt fram produk-

sjonen under firmanamnet A/S Bergans meis- og rygsækfabrik. Sekken vart brukt på fleire profilerte ekspedisjonar, han vart i 1913 innkjøpt av Forsvaret, og konstruksjonen gjorde òg stor suksess i utlandet. På eit tidspunkt hadde beresystemet patent i 22 land, fram til retten gjekk ut på midten av 1920-åra.

Young var tydeleg i marknadsføringa si, og meldinga til dei som ikkje valde rett, var klar: «De faar en ødelagt ryg hvis De ikke bruker Bergans meis og rygsæk.» Dessutan: «50 Ryper bærer De med største lethed med Bergans Jagtsæk og Meis.»

## Fugleperspektiv



Som andre andrikar stikk stokkandhannen frå pliktene. Foto: Alan D. Wilson / Wikimedia

## Standardanda

Alle kjenner stokkanda. Ho hekkar vilt i allslags våtmark, frå dei mest grøderike innsjøane til kalde fjellvatn og pyttar i havgapet.

Og tame stokkender sym i parkar og ligg på fat over heile verda. No er slett ikkje alle tamender fullblods stokkender; tusenår med avl har skapt vesen som berre minner litt om stammora.

Ho har funne vegen inn i populærkulturen òg: Donald Duck vart teikna etter kvite albinoender som helst hadde stokkandgenar under fjørene. I Disney-utgåva av saga om den stygge andungen – som fekk Oscar-pris – kjem den «stygge» til verda i eit stokkandreir.

Stokkanda har dessutan klippekort i pressa. Oppslag om andemødrer med slep av ungar som skaper trafikorkork fordi dei vil krysse ein veg, er faste værteikn.

Elles er kjønnsrollene slik dei brukar å vere hos ender. Hannen er oppstasa med sterke fargar; ho er brunspraglete og anonym. Om sommaren dreg han på ferie med kameratar. Ho sit att med svoltne små.

### SVEIN ARNE ORVIK

Svein Arne Orvik skriv om fuglar for Dag og Tid.

## Fyrste rundt Arktis

### REKORDEN

I 1918 starta Roald Amundsen med skuta «Maud» mot Nordpolen. Det vil seie, han skulle fyrst segle Nordaustpassasjen for å kunne starte drifta mot polen frå Beringstredet. Men istilhøva var ikkje som i dag, for å seie det slik. Og det tok heile to år å segle den nordaustlege sjøvegen til Asia. Dette var i seg sjøl ingen rekord, Nordenskiöld hadde segla denne vegen alt i 1878–80. Men Amundsen, som tidlegare hadde segla Nordvestpassasjen, såg det oppsiktvekkjande også her: Han hadde nemleg vore den fyrste til å «fuldføre rundseilingen av det arktiske ocean. I vor rekordtid kan dette ha sin betydning.»



Foto: Stein P. Aasheim

## Sjølvpålagde lidingar i grisgrendte strok

### RAJASTHAN

«Born inga hindring», heiter det. Kven i all verda har funne på det uttrykket? Kven har kome på den tanken at born er knytte til hindringar og avgrensingar? I beste fall høyrer vi denne: «Me må berre venta til ungane vert litt større.» For då hugsar dei liksom betre. Og det gjer dei ganske sikkert. Di

lenger du ventar, di meir hugsar dei. I mellomtida forsvinn moglegheitene. Og etterpå veit korkje dei eller du om dei hadde hugsa, for det er ingen opplevingar å hugsa.

Tidleg ein morgon i Rajasthan, før sola gjer ferdsel på kamelryggen utoleg, er ein femåring frå Romsdalen alt undervegs. Ho lener seg ut frå

kamelen og møter ein utstrekt finger frå ein jamaldra turkamerat, ein ung kameldrivar frå Jaipur. Eit eventyr, bokstaveleg tala, av ei anna verd. Eit minne for livet.

I dag er femåringen 23. Ho hugsar ingen ting frå den morgonen i Rajasthan. Kanskje turen var bortkasta.

STEIN P. AASHEIM